

Gabriel Fliflet Band

17. mars 2011 · Florø



11-Flitflet-Hamre

2011

17. MARS

FLORØ

Frå arkivet

Hagen: Florø Torsdag, 17. mars, 2011, kl. 21:30

Åresong Gabriel Fliflet har evna til å skape melodiar som er både originale og vakre, samtidig som dei understrekar innhaldet i teksten, skreiv Olav Gorseth frå Bergens Tidende etter at konserten Åresong hadde urpremiere på Festspillene i Bergen i 2010.

Åresong er eit tingsverk til Festspillene i Bergen. Jon Fosse er ansvarleg for tekstane, som er små glimt av livet. Av verda vår. Muskar, komponist og humorist, Gabriel Fliflet har sett vakre og energiske melodiar til. – Det er melodist og syngbart, ein stor del poesi, og innimellom bryt ein meir fandenivoldsk energi gjennom. Musikken er imøtekomande, men litt uventa, utan å bere preg av klisjear, seier Gabriel Fliflet sjølv om verket.

Per Randers Haukaas i Bergensavisen hadde berre ein tanke i hovudet etter konserten: At alle må få høyre denne musikken. Og no er Haukaas sitt ønskje i ferd med å bli oppfylt, når Åresong vitjar Florø som ein av åtte stoppestadar denne våren.

Til framføringa av Åresong har Gabriel Fliflet med seg eit topplag av norske musikarar; Per Jørgensen (song og trompet), Benedicte Maurseth (song og hardingfele), Kristoffer Vogt (song og kontrabass) og Stein Urheim (song og strengeinstrument).

Jon Fosse gav ut tekstane i boka Songar på Samlaget i haust.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 40.